Ein slik reduksjon i brannberedskaper er ikkje i strid med kapittel 5 i: "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen".

Omfang

Det gjeld i dag 6 brannkonstablar, 4 i Myrvåg og 2 i Fosnavåg. (1 i Fosnavåg har permisjon og 1 er i vikariat som befal) Kostnadsreduksjonen er utrekna for 5 brannkonstablar (utan beredskap).

Innsparing

Ein vurderer innsparing på om lag 297 000 kr årleg

Detaljar:

Lønn (godtgjersle mm) – om lag 18 500 kr

Godtgjersle nødnetradio – 25 000 kr

Bilgodtgjersle – 6000 kr

49 500 kr x 6 mannskap =297 000 kr

Vurdering:

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

Alt. 2

Brannberedskap - Nedlegging av Myrvåg stasjon og alle hjelpemannskap som i dag ikkje går i beredskap ved Fosnavåg stasjon

Lokal brannordning

Å ta vekk hjelpemannskap ved Myrvåg bibrannstasjon er i strid med punkt 5.1 i gjeldande og vedteken brannordning (K-sak 34/14) og gjeldande ROS-analyse vedteken i 2013.

Nasjonal forskrift

Ein slik reduksjon i brannberedskapen er ikkje i strid med kapittel 5 i: "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen".

Omfang

Dette gjeld sjåførar og mannskap ved Myrvåg stasjon. Det er utrekna frå 4 sjåførar i 4-delt vakt og med 50 timar utrykning pr/år og 4 brannkonstablar. I tillegg kjem hjelpemannskap ved Fosnavåg stasjon

Innsparing

Ein vurderer innsparing på om lag 837 800 kr årleg

Detaljar:

Fastlønn (40 timer øvingar) – 8 200kr

Beredskapstillegg (vaktgodtgjersle)- 78 500 kr

Godtgjersle nødnetradio – 25 000 kr

Bilgodtgjersle – 6000 kr

50 timar utrykningar (estimat) – 17 500kr

Sjåførar : 135 200 kr x 4 mannskap = 540 800 kr

Mannskap : 45 000 kr x 6 mannskap = 297 000 kr

Samla innsparing : 837 800 kr

Vurdering:

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

Alt. 3

Brannberedskap - Beholde Myrvåg stasjon, utan fast vaktberedskap. Myrvåg stasjon vert opprettholdt som depot/reservestyrke utan radioutkalling og beredskapsvaktordning. Hjelpemannskap ved begge stasjonane går ut.

Lokal brannordning

Å ta vekk hjelpemannskap ved Myrvåg bibrannstasjon er i strid med punkt 5.1 i gjeldande og vedteken brannordning (K-sak 34/14) og gjeldande ROS-analyse vedteken i 2013.

Nasjonal forskrift

Ein slik reduksjon i brannberedskapen er ikkje i strid med kapittel 5 i: "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen".

Omfang

Forslaget inneber at ein har tankbilen stasjonert i Myrvåg og at det vert etablert branndepot m/sjåførar og utkalling via UMS-varsling.

Sjåførar vil ikkje gå i beredskap som kan bety at der ikkje er tilgjengeleg sjåfør ved alarm/utkalling. Ein legg til grunn ein antatt kostnad på 50 timar utrykking pr/år på 4 sjåførar. Det vil ikkje vere same behov for sjåførane med omsyn til øvingar. Ein viser då til "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen seier i § 7-1:

Kommunen skal sørge for at personell i brannvesenet tilfredsstillar de krav til kvalifikasjonar som denne forskrift stiller. Det skal gjennomførast praktiske og teoretiske øvelser med slik hyppighet, omfang og innhold at personellet kompetanse blir vedlikeholdt og utviklet slik at den er tilstrekkelig til at brannvesenet kan løse de oppgaver det kan forventes å bli stil overfor."

Hjelpemannskap ved begge stasjonane går ut.

Innsparing

Ein vurderer innsparing på om lag 767 800 kr årleg

Samla innsparing alt 2 :	837 800 kr
Fråtrekk for kostnadar, alt 3:	70 000 kr

Detaljar, kostnad alt. 3:
50 timar utrykningar (estimat) – 17 500kr

Sum 17 500 kr x 4 mannskap = 70 000 kr

Vurdering:

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

Oppsummering:

I F-sak 16/17 den 24.01.2017 vart det gjort følgjande vedtak som vedkjem brannberedskapen i Herøy kommune.

Sitat:

Administrasjonen får i oppdrag å legge fram eiga politisk sak med forslag til revidert brannordning og ROS-analyse innan 01.07.2017. Saka skal også omfatte økonomiske konsekvensar m.m.

Det har ikkje vore mogleg å få til ein prosess der ein kunne ha levert reviderte dokumenter for å følgje opp formannskapet sitt vedtak. Det har vore krevande å verte samde om alt frå definisjonar til konkrete løysingar for kva vegvalg ein bør legge til grunn.

Representantar for mannskap legg til grunn at det ikkje skal gjerast endringar i beredskapen, men har signalisert at hjelpemannskap kan vere mogleg å ta bort. Brannsjefen på si side legg til grunn at vi ikkje får vesentleg svekka beredskap då med visning visning til det nye naudnettet og dei gjensidige avtalar med nabokommunane. I tillegg må det påpeikast at beredskap til vassforsyning i området (Myrvåg og Leikong) er vesentleg forbetra og at sjukeheimen i Myrvåg har kompenserte tiltak. Dette gjeld og kyrkjene på Leikong og i Stokksund.

Interkommunalt samarbeid

Herøy kommune er i dialog med Vanylven kommune med omsyn til drift av brannvernet i dei to kommunane. Det ligg føre to ulike forslag til frå arbeidsgruppa med omsyn til organisering av branntenesta. Ingen av forslaga legg opp til endringar i beredskapen i forslag til samarbeidsavtale.

Det vil vere naturleg etter at prøveperiode på to år er gjennomført og evaluert å vurdere eit utvida samarbeid med Ulstein og Hareid brannvesen i større eller mindre grad.

Dimensjonering av brannberedskapen.

Dimensjonering av brann og redningsteneste i Herøy kommune er i hovudsak relatert til tettstaden Fosnavåg (3000 innbyggjarar) og sjukeheimen i ytre på Eggesbønes (ikkje gjort kompensierende tiltak). For sjukeheimen i Myrvåg er det gjennomført kompensierende tiltak med sprinkling.

Krav til utrykningstid vil då for beredskapen vere relatert til Fosnavåg sentrum og sjukeheimen i ytre. Utrykningstida skal vere 10 minutt til begge lokasjonane inklusive forspenningstid (mannskap har 4 min forspenningstid på dag og 6 minutt på natt).

Den normale utrykningstida til tettstadar elles i kommunen er 20 minutt.

Ein viser til § 4-8 i dimensjoneringsforskriften, 3. ledd:

Innsatstid i tettsteder for øvrig skal ikkje overstige 20 minutter. Innsats utenfor tettsteder fordeles mellom styrkene i regionen, slik at fullstendig dekning sikres. Innstatstiden i slike tilfeller bør ikke overstige 30 minutter.

Viser og til § 5-2 i dimensjoneringsforskriften der støttestyrke er omtalt som :

- Fører for tankbil
- Fører for snorkel/stigebil

§ 5-5 i dimensjoneringsforskriften:

Der kommunen har stige/snorkelbil som påbudt rømningsvei etter bygningslovgivningen skal vognfører ha samme beredskap som vaktlag ellers.


Kommentar: Dette er ikkje aktuelt for oss på noverande tidspunkt

I boligstrøk o.l der kommunen har vedtatt at tankbil bil kan erstatte annen tilrettelagt slokkevannforsyning, j.f. § 5-4 i forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn – Uaktuelt for oss.


Kommentar: Vi har ikkje slike vedtak.

Kart – som viser utrykningstid

Områder innen 4, 10, 20 og 30 minutters kjøretid fra Herøy brannstasjon



Områder innen 4, 10, 20 og 30 minutters kjøretid fra Ulsteinvik brannstasjon



Krav til beredskap etter lovverket for Herøy kommune

Herøy kommune sin beredskap med omsyn til dimensjonering av brannvernet skal vere i henhold til kapittel 5 i [Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen](#)

Sitat:

I tettsteder med 3.000 – 8.000 innbyggere skal beredskapen være organisert i lag bestående av deltidspersonell med dreierende vakt.

Et vaktlag skal minst bestå av:

- 1 utrykningsleder
- 3 brannkonstabler/røykdykkere.

I kommuner eller brannvernregioner med tettsteder med mer enn 2.000 innbyggere skal det være dreierende overordnet vakt.

Dette betyr at Herøy kommune vil vere innanfor lova med ei organisering med 4 vaktlag x 4 personar og ei overordna vakt med 4 personar. Dette gir totalt 20 personar i vaktberedskap.

Dersom der er ekstra moment som tilseier at det ikkje er forsvarleg med minimumsberedskap skal kommunen dimensjonere etter ROS-analyse. Lokal brannordning skal då byggast på den risiko og sårbarhet som finst i kommunen.

Hovudelementa i forskrifta som ligg til grunn for organisering og dimensjonering av brannvernet, er dei same i dag som i 2014. Det er såleis ikkje store prinsipielle skilnader mellom dagens brannordning og forslaget til revidert brannordning som har vore drøfta med representantar for mannskap og brannsjefen. Den store skilnaden går på flytting av tankbil frå Myrvåg stasjon til Fosnavåg stasjon.

Sidan 2014 har nasjonalt naudnett vorte innført og det har vorte gjort vesentlege forbetringar i vassforsyninga både i indre og ytre Herøy. M.a. er leidningsnett til Herøy Vasslag SA og Stemmedal Vasslag SA bygt saman slik at det ved evt. leidningsbrot og andre hendingar kan leverast vatn begge vegar.

Tankbilen som i dag er plassert ved Myrvåg stasjon har som funksjon å levere vatn til hovudbrannbil ved brann og andre hendingar der det er behov for større vassmengder. Det er berre ein sjåfør i dreierende vakt som er i beredskap på tankbilen så det kan ikkje til ei kvar tid påreknast at andre mannskap rykker ut ved alarm.

I det reviderte forslaget til brannordning har ein føreslått at tankbil ved brannstasjonen i Myrvåg vert flytta til Fosnavåg stasjon utan særskild tankbilberedskap. Flytting av tankbil vil vere avhengig av at det er etablert garasje for tankbil ved Fosnavåg stasjon.

Felles bistand over kommunegrensar

Herøy har felles avtalar om bistand med kommunane Ulstein og Sande. Det er vidare viktig å presisere at etter gjeldande lovverk er dette regulert ved at i § 15 i brann og eksplosjonsvernlova.

Det er lagt til grunn at: *Kommunene skal samarbeide om lokale og regionale løsnings- og forebyggende og beredskapsmessige oppgaver med sikte på best mulig utnyttelse av samlede ressurser.*

Ulstein kommune er ein naturleg samarbeidspartner med omsyn til beredskap i delar av indre områder av kommunen, herunder Myrvåg og Leikong. I andre deler vil Sande kommune ha eit ansvar å rykke ut.

Det viktig å vere klar over at utrykning av mannskap og felles ressursar mellom kommunane vert styrt av felles 110-sentral som er lokalisert i Ålesund. Dette gjeld utrykningar til stadfesta bygningsbrannar.

Naudnett vart innført i Møre og Romsdal i april 2015. Overgang til naudnett har medført ein ny kvardag med omsyn til kommunikasjon i naudsituasjonar. Med god samtaleoverføring og nye rutinar for alarmering der alle naudetatane kan snakke saman på same samband har medført vesentleg betre beredskap og samarbeid i naudsituasjonar.

Ny utalarmeringsrutinar har medført at ein raskast mogleg får fram naudsynte ressursar der dei trengst uavhengig av kommunegrenser.

M.a. er det alltid nærmast eining/brannvern som vil verte utalarmert og rykke ut ved alvorlige hendingar uavhengig av kommunegrenser. For Herøy kommune vil det sei at det til dømes ved brann/alvorleg hending i Myrvåg og Leikong vil Ulstein brannvern bli utalarmert samstundes med Herøy brannvern. Ein har alt hatt fleire hendingar der Ulstein har vorte alarmert og har rykt ut til Myrvåg-/Leikong-området.


Konklusjon:

Med bakgrunn i gjeldande krav til beredskap i dimensjoneringsforskrifta, innføring av naudnett frå 2015, betra vassforsyning vurderer ein at det er grunnlag for å endre gjeldande brannordning og beredskapen i Herøy kommune. Dette inneber at ein kan redusere beredskapsstyrken og at ein kan klare seg med ein brannstasjon i Fosnavåg. Årleg innsparingspotensiale er rimeleg stort.

Kostra:

Brann omfattar funksjonane 338 førebygging (inkl feiing) og 339 beredskap. Herøy brukte mykje pengar på brannvesenet i 2016. Netto utgifter var 4 millioner kroner høgare enn snittet i kommunegruppe 8 og høgast mellom saman likningskommunane Skaun brukte 7 millioner kroner mindre på brannvesenet i fjor enn Herøy.

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner



	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	952	1 047	997	1 148
Ulstein	724	679	678	729
Hareid	748	751	802	898
Volda	842	775	916	1 009
Skaun	418	410	445	414
Kostragruppe 08	650	670	676	712

**) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).*

Herøy brukte 1148 kroner per innbygger på brann i 2016. Det er 400 kroner meir enn snittet i kommunegruppe 8. Brannutgiftene har vært stabile siden 2013.

Funksjon 339 har gått med underskot over fleire år.

2012	-1 485 384
2013	-1 394 964
2014	-475 000
2015	-29 000
2016	-506 520
2017	-904 592

Herøy brannvern har vore inne i ei positiv utvikling dei seinare år og dagens status må seiast å vere tilfredsstillande. På mannskapssida har ein eit godt utdanna korps og på utstyrssida er det gjort nyinvesteringar i både brannbil og tankbil.

Dersom ein vel å oppretthalde beredskap ved Myrvåg stasjon må ein investere i oppgradering slik at den tilfredsstillar krava i Arbeidsmiljølova. Ved Fosnavåg stasjon er det også behov for nye og større lokalitetar for å tilfredsstillar gjeldande krav og det det pågår vurderingar med sikte på å få på plass oppgradering/tilbygg til eksisterande stasjon eller nybygg. Det vil her vere snakk om vesentlege investeringar.

Brannvern er ein rimeleg stor utgiftspost på dei kommunale budsjetta både når det gjeld investering og ikkje minst drift. Samstundes er det vel heller ingen tvil om at kostnadane, både menneskeleg og materielt, kan verte vesentleg større dersom ein ikkje har eit oppegående og slagkraftig brannvern.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling legg fram 3 ulike alternativ på innsparing på beredskapen for vurdering.

Kommunalsjefen rår til at alternativ 2 vert valgt.

Samla for sektor for samfunnsutvikling

Mogleg innsparing går fram av tabell under.

Utvikling	kr 34 500
AD	kr 370 000
Brann	Kr 300 000 -1 137 800
Kultur	kr 306 500
Landbruk	Kr 300 000
Sum	Kr 1 311 000 -kr 2 148 800

*Må auke lønsutgifter for 1 røykdykker Fosnavåg stasjon. Dette går i fråtrekk på innsparing (200 000kr).

Med helsing

Jarl Martin Møller

Referatsaker

RS 5/18 Informasjon frå leiar i velferdsteknologiens ABC ifht. arbeidet ein er i gang med der.



årsrapport
2017

den offentlege tannhelsetenesta

Innhold

Forord	3
DEN OFFENTLEGE TANNHELSETENESTA I MØRE OG ROMSDAL	4
MÅL OG HOVUDUTFORDRINGAR FOR TANNHELSESTENESTA	4
TENESTETILBOD OG DEKNINGSGRAD	5
Styringsmål på dekningsgrad – tilsyn og behandling	5
<i>Barn og unge 3-18 år (gr. A)</i>	5
<i>Psykisk utviklingshemma (gr. B)</i>	5
<i>Eldre og uføre i institusjonar og personar i heimesjukepleie (gr. C)</i>	5
<i>Ungdom 19-20 år (gr. D)</i>	6
<i>Rusmisbrukarar (gr. E)</i>	6
<i>Vaksne betalande pasientar (gr. F)</i>	6
<i>Behandla under narkose</i>	6
<i>Fengselstenesta</i>	6
TANNHELSERESULTAT	7
SiC-indeks	9
Tannhelsesdata frå Møre og Romsdal samanlikna med landsgjennomsnitt	10
FOLKEHELSEARBEID, - FØREBYGGING OG SAMHANDLING	12
KLAGESAKER TIL FYLKESTANNLEGEN OG BEKYMNINGSMELDING TIL BARNEVERNET	13
ORGANISASJON	14
Ny organisering i kompetanseregionar	14
Bemanning og rekruttering	15
Kompetanseutvikling	16
Arbeidsmiljø	17
Leiarutvikling	18
Bortfall av den delen av særavtalen som gjeld provisjonsbasert bonus	19
Beredskap og krisehandtering	19
Utfordrande økonomisk situasjon	19

Årsrapporten er utarbeidd av fylkestannlegen i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Rapporten er tilgjengeleg for nedlastoing: <https://mrfylke.no/Tenestekomraade/Tannhelse>

Forord

Fylkeskommunens samfunnsoppdrag på tannhelsefeltet inneber ansvar for å organisere førebyggjande tiltak for heile befolkninga og sørge for at tannhelsetenester og spesialisttenester er tilgjengelege for alle som bor eller oppheld seg i fylket.

Fylkestannlegen vil rette ein takk til alle medarbeidarane i tannhelsetenesta, tilsaman tohundre tannlegar, tannpleiarar og tannhelsesekretærar, som gir profesjonell, trygg og kvalitativ god behandling til grupper i samfunnet som treng ekstra oppfølging, og til vaksne betalende pasientar som kan nytte seg av tenestene vi tilbyr. Innsatsen er stor både på klinikk og i det utoverretta og førebyggjande arbeidet. Gjennom informasjonsarbeid, rettleiing og undervisning i skoler, til pleiepersonell, flyktingetenesta og andre, set vi fokus på at den orale helsa er viktig for livskvaliteten. Motiverte og kunnskapsrike medarbeidarar er vitig for å skape eit godt samarbeid og gode relasjonar med våre eksterne samarbeidspartar.

Den offentlege tannhelsetenesta skal framleis vere eit fylkeskommunalt ansvar. Stortinget stemte i juni 2017 nei til kommunal overtaking frå 2020. Dette gir dei beste føresetnadane for å bygge vidare på ein modell som sikrar likeverdige tannhelsetenester, god tenestekvalitet og pasientsikkerheit for brukarane våre.



Anthony Normann Valen
fylkestannlege

DEN OFFENTLEGE TANNHELSETENESTA I MØRE OG ROMSDAL

Fylkeskommunen har ansvar for den offentlege tannhelsetenesta og skal organisere førebyggjande tiltak for heile befolkninga og gje eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til:

- Barn og unge frå 0-18 år
- Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- Grupper av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie
- Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret. (19-20-åringar har rett til behandling med 75 % reduksjon i dei takstane som gjeld for betalande pasientar.)

Ikkje-lovpålagde grupper som har rett på gratis tannbehandling:

- Rusmisbrukarar i institusjon og personar som pga. eit rusmiddelproblem mottar tenester etter Helse og – omsorgstenestelova, og personar under legemiddelassistert rehabilitering (LAR)
- Personar med psykiske lidningar som får poliklinisk behandling i spesialisthelsetenesta over ein periode på minimum tre månader.
- Personar i pleie av pårørande finansiert med omsorgslønn. Pleiebehovet må attesterast av lege.

Fylkeskommunen skal sørge for tannmedisinsk hjelp til heile befolkninga som bur eller mellombels oppheld seg i fylkeskommunen, herunder flyktningar, personar med opphald på humanitært grunnlag og asylsøkarar som oppheld seg i statlege mottak.

Ved mange klinikkar blir det også gitt tilbod til den vaksne betalande befolkninga.

Tannhelsetenesta har 37 tannklinikkar i 34 av dei 36 kommunane i fylket. Fylkeskommunen har avtale med 19 kommunar og 18 private huseigarar om leige av lokale til tannklinikkk. Det er stor variasjon i standard på tannklinikkkane i fylket. Sidan 2002 er det bygd 11 nye tannklinikkar, medan 15 klinikkar er oppgraderte. Universell utforming og tilgjenge for funksjonshemma ved klinikkkane inngår som resultatmål i Regional delplan tannhelse. Dei nye klinikkkane som er bygd/renovert dei siste åra tilfredsstillar desse krava. Ved mange av klinikkkane er det lite rom for ombygging eller utvidingar innanfor noverande bygningsmasse. For nye klinikkklokale blir det utarbeidd rom- og funksjonsprogram med kravspesifikasjonar som kan nyttast av utleigarane i planarbeidet.

MÅL OG HOVUDUTFORDRINGAR FOR TANNHELSESTENESTA

Regional delplan tannhelse, vedtatt av fylkestinget i 2013, gjer greie for sentrale utviklingstrekk, utfordringar og strategiske vegval for den offentlege tannhelsetenesta i fylket fram mot 2025. Planen identifiserer strukturar og organisering som best kan sikre tannhelsetenesta eit kunnskaps- og kompetanseløft til beste for innbyggjarane. Fokuset i planarbeidet er behandlingsskvalitet og pasienttryggleik. Planen definerer eit normtall på minimum 1000 pasientar i gruppene A og C under tilsyn pr. tannlege og tannpleiar.

Demografiske endringar, urbanisering og auka mobilitet i arbeidsmarknaden, teknologisk utvikling og spesialisering er utviklingskrefter som er premissgivande for den framtidige tannhelsetenesta i Møre og Romsdal. Større krav til kvalitet, kompetanse og pasientsikkerheit i en situasjon med rekrutteringsutfordringar og ustabil bemanning, er sentrale utfordringar for tannhelsetenesta.

Innsatsen for dei prioriterte gruppene skal styrkast med vekt på:

- Kvalitet og pasientsikkerheit
- Robuste kompetansemiljø
- Ei berekraftig klinikkorganisering
- Folkehelsearbeid og samhandling med kommunane

TENESTETILBOD OG DEKNINGSGRAD

Styringsmål på dekningsgrad – tilsyn og behandling

I 2017 var totalt 72 913 personar under tilsyn i den offentlege tannhelsetenesta. Dette utgjør nær 30% av alle innbyggjarane i fylket. Den største gruppa er barn og unge opp til 18 år med 50 634 personar under tilsyn. Eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og i heimesjukepleie er det i alt 5 618 personar under tilsyn. 10 287 vaksne, betalande pasientar nyttar også den offentlege tannhelsetenesta.

Tenesta hadde i 2017 høg måloppnåing for alle dei prioriterte gruppene. Måltala for dekningsgraden er definert i Regional delplan tannhelse. Dekningsgraden er eit uttrykk for kor mange av dei som har rettar etter tannhelselova som er under tilsyn og behandling. Med pasientar som er under tilsyn og behandling, reknast undersøkte og behandla pasientar, dei som er planlagt ikkje innkalla, samt etterslep (pasientar som har fått ny, men forseinka innkalling).

Tilsyn av lovpålagte grupper	Måltal	Resultat 2017	Måloppnåing i % 2017 (2016)
Barn og unge frå 3-18 år (Gr. A)	97%	98,1%	101% (99,6%)
Psykisk utviklingshemma over 18 år (Gr. B)	95%	95,9%	101% (100,3%)
Eldre og uføre i institusjon (Gr.C1)	90%	90,3%	100% (96%)
Eldre og uføre i heimesjukepleie (GR.C2)	65%	78%	120% (128,4%)
Ungdom 19-20 år (Gr.D)	70%	79,5%	114% (109%)

Barn og unge 3-18 år (gr. A)

Barn og unge opp til 18 år er den største gruppa på 51 622 personer der 50 634 var under tilsyn i 2017. Tilsynsprosenten på 98,1%, og ligg over måltalet som er 97%.

3-åringar utan karieserfaring er i 2017 på 94,1 % som er ein liten nedgang frå 2016 (94, 5%). Det er også ein nedgang på 12 åringane frå 56% til 55%, og ei betring for 5 åringane på 85% i 2017, mot 82% i 2016. For 18 åringane viser tala ei lita betring, 19,7% i 2017 mot 18,5% året før. Innkallingsintervalla er basert på eit individuelt behandlingsbehov. I snitt er det no 18 månader mellom kvart besøk dei unge har på tannklinikken. Risikopasientar blir kalla inn på tannklinikken hyppigare for oppfølging.

Psykisk utviklingshemma (gr. B)

Av totalt 1 034 personar med psykisk utviklingshemming over 18 år, var 992 under tilsyn i 2017. Dette utgjør 95,9% av gruppa. Gjennom formelle samarbeidsavtaler mellom tannhelsetenesta og kommunal teneste med ansvar for personar med utviklingshemming er målet er eit kvalitetssikra tilbod, der brukarane i målgruppa får ivaretatt sitt daglege munnstell.

Eldre og uføre i institusjonar og personar i heimesjukepleie (gr. C)

I gruppa eldre og uføre i institusjon (C1) og i heimesjukepleia (C2) har pasientar under tilsyn auka frå 5564 i 2016 til 6798 i 2017. Den største gruppa er C2, som utgjør 4230 personar. Av gruppe C1 har 90,3% vore under tilsyn i 2017 og i gruppe C2 har 78% vore under tilsyn, noko som er ei måloppnåing på

henholdsvis 100% og 120%. Samarbeidsavtale og auka satsing retta mot denne gruppa, kan vere ei mogleg årsak til høg måloppnåing.

Måлтаlet som er sett for gruppe C2 speglar at mange framleis ønskjer å gå til sin privat tannlege eller ikkje ønskjer tilsyn med tannhelsa. Det blir kontinuerlig arbeid for at brukarane får kunnskap om tilbodet gjennom heimesjukepleietenesta. Brosjyren «God tannhelse heile livet» blir distribuert til pleie og omsorgstenesta i kommunane, for utdeling til brukarane. Brosjyren gir informasjon om rettane til brukarane, samt råd og tips for ei god tannhelse. Den reviderte samarbeidsavtalen mellom tannhelsetenesta og pleie og omsorgstenesta inneheld også rutinar som skal og sikre at brukarane får det tilbodet dei har krav på.

Ungdom 19-20 år (gr. D)

Ungdom på 19 og 20 år har rett på tilsyn frå den offentlege tannhelsetenesta, og betaler 25% av taksane til den offentlege tannhelsetenesta. Denne gruppa har prioritet framfor vaksne betalande pasientar. 79,5 % av gruppa var under tilsyn i 2017, som er ei auke frå 76,3% i 2016 (74,5% i 2015) På grunn av studiar og arbeid utanfor kompetanseregionen/fylket, er det enkelte som takkar nei til tilbodet.

Rusmisbrukarar (gr. E)

Personer med rusmiddelavhengigheit som mottar tenester gjennom kommunal rusomsorg/NAV eller er under LAR-behandling (legemiddelassistert rehabilitering) har hatt rett til frie tannhelsetenester sidan 2008. I 2017 var det registrert 531 rusmisbrukarar med rett på gratis tilsyn. Dette er om lag like mange som var registrert i 2016. Behandlinga er ressurskrevjande og det har vore naudsynt med ei økonomisk opptrapping for å halde tritt med behandlingsbehovet. Brukarforventningane til behandlingsomfang er ofte mykje større enn det ressursrammene opnar for.

Vaksne betalande pasientar (gr. F)

6902 vaksne, betalande pasientar nytta den offentlege tenesta i 2017 og genererte ei honorarinntekt på ca. 26 mill. Tannlegespesialistane generer om lag 20% av honorarinntektene.

Behandla under narkose

232 pasientar vart behandla under narkose i regi av den offentlege tannhelsetenesta i 2017, mot 266 i 2016. 154 av behandlingane hadde ventetid under 3 månader.

Fengselstenesta

Møre og Romsdal fylkeskommune og staten har ei avtale om tannhelsetilbod for innsette i fengselet på Hustad og i Ålesund. Dette er eit statleg finansiert tilbod, som tannhelsetenesta er ansvarleg for gjennomføringa. Fylkeskommunen kjøper tenester frå privatpraktiserande tannlegar, og totalt 62 innsette har fått tannbehandling i 2017.

TANNHELSERESULTAT

Tannhelsa til barn og unge i Møre og Romsdal har blitt gradvis betre, men i 2017 ser vi ein liten nedgang hos 3-, og 12-åringane, jf. tabellen s. 10 og 11. 94,1% av 3-åringane, 84,7% av 5-åringane, 55,4% av 12-åringane og 19,7% av 18-åringane er utan ny karieserfaring i 2017. Hos 18-åringane viser tala ei betring med 1,2 prosentpoeng i høve til året før. Det er mogleg at auka satsing på førebygging og utoverretta arbeid, mellom anna gjennom kantinesatsinga i vidaregåande skole, har medverka til betringa hos 18-åringane.

Tabell: Resultat tannhelsetilstand på indikatorkull 2017 (grunnlaget for landsstatistikk for fagfeltet odontologi) (Tal for 2016 i parentes)

Årskull % av undersøkte	3 åringer utan karies. 92,8% av heile kullet er undersøkt	5 åringer utan karies. 99,2% av heile kullet er undersøkt	12 åringer utan karies. 99% av heile kullet er undersøkt	18 åringer utan karies. 96,2% av heile kullet er undersøkt
Ingen karies	94,1% (94,5%)	84,7% (82%)	55,4% (55,7%)	19,7% (18,5%)
1-4 kariesangrep	4,7% (4,5%)	10,9% (12,8%)	40% (39,6%)	43%(42,7%)
10 kariesangrep eller mer	0,2% (0,3%)	0,9% (0,9%)	0,4%(0,1%)	10,5% (12,2%)

Sidan 2012 har det blitt registrert prosentdel utan karieserfaring på 3-åringar i fylket. Talet har vore stabilt og variert mellom 94% og 95% personar utan karieserfaring. Dette er forholdsvis likt med landsgjennomsnittet. For 5-åringar har delen personar utan karieserfaring auka frå 81% i 2012 til 85% i 2017, noko som ligg over landsgjennomsnittet (81% i 2017).

Hos 12-åringane har personar utan karieserfaring auka og frå 51 % til 55,4% sidan 2012. I same tidsrom har delen utan karieserfaring for 18-åringane auka frå 16,9 % til 19,7% i 2017.

Sjølv om utviklinga i tannhelsestatus gradvis blir betre, viser landsgjennomsnittet ei langt betre tannhelse både hos 12 og 18-åringane enn i Møre og Romsdal, og det blir arbeidd med tiltak for å betre tannhelsa.

Tannhelsesdata på kommunenivå (sjå tabellen neste side) synleggjer tannhelsetilstanden i kvar enkelt kommune (m.a. til nytte for den enkelte kommune i folkehelsearbeidet). Ei oversikt over prosentdel personar utan karieserfaring i dei nemnde årsgruppene viser interessante forskjellar mellom kommunane. Det er viktig å vere klar over at dei minste kommunane har så små årskull at ein samanlikning av tala frå år til år i desse kommunane ikkje blir statistisk signifikant.

Tannhelsa hos innvandrarbarn frå Aust-Europa og andre verdsdelar er dårlegare enn hos norske barn. I Møre og Romsdal er det ei stor arbeidsinnvandring, der vi ser at mange av barna har karies når dei kjem til landet. Både språkbarriere og forståing av helserelatert åtferd kan gi utfordringar i det helsefremmande og førebyggjande arbeidet. Gjennom eit målretta samarbeid med helsestasjonstenesta kan vi nå denne målgruppa på eit tidleg stadium. Det er også utarbeidd rutinar for samarbeid med flyktingtenesta og asylmottak i kommunane.

Prosentdel personar utan karieserfaring i enkelte årskull i 2017 – kommune, kompetanseregion (KR), fylket og landet


Årskull	3-åringar	5-åringar	12-åringar	18-åringar
Hareid	98%	91%	60%	19%
Herøy	90%	87%	56%	21%
Sande	95%	78%	50%	19%
Ulstein	95%	79%	47%	15%
Vanylven	88%	70%	39%	22%
Volda	94%	83%	56%	24%
Ørsta	95%	88%	62%	16%
Søre Sunnmøre KR	94%	84%	54%	19%
Giske	98%	91%	52%	24%
Haram	91%	82%	56%	20%
Norddal	95%	87%	48%	17%
Sandøy	91%	93%	50%	43%
Skodje	94%	82%	56%	25%
Stordal	100%	67%	42%	39%
Stranda	89%	78%	64%	23%
Sula	95%	83%	64%	22%
Sykkylven	88%	80%	48%	10%
Ørskog	94%	82%	56%	25%
Ålesund/Bjørgvin	91%	82%	56%	23%
Ålesund/Spjelkavik	94%	88%	61%	25%
Ålesund KR	93%	84%	58%	22%
Aukra	100%	80%	57%	14%
Eide	93%	80%	43%	8%
Fræna	92%	78%	49%	14%
Gjemnes	100%	91%	42%	25%
Midsund	92%	92%	67%	30%
Molde	95%	88%	57%	25%
Neset	91%	91%	46%	23%
Rauma	94%	91%	60%	14%
Vestnes	98%	85%	42%	6%
Molde KR	95%	86%	53%	19%
Averøy	98%	78%	69%	20%
Tingvoll	94%	70%	61%	19%
Sunndal	94%	87%	47%	22%
Surnadal	98%	95%	55%	26%
Rindal	96%	95%	70%	26%
Halsa	90%	100%	50%	26%
Smøla	100%	88%	63%	13%
Aure	100%	92%	69%	28%
Kristiansund	95%	81%	56%	16%
Kristiansund KR	96%	84%	57%	20%
Heile fylket	94%	85%	55%	20%
Heile landet	?%	81%	60%	27%

SiC-indeks

SiC (signifikant kariesindeks) blir brukt for å sette søkelys på dei som har mest karies, og blir årleg registrert på 12-åringane. SiC-indeksen viser gjennomsnittleg tal tenner med hol på den tredjedel av gruppa med mest karies, og skal brukast som eit styringsverktøy for planlegging av det førebyggjande arbeidet. Gjennomsnitt DMFT* hos 12-åringane viser at dei fleste har friske tenner, sjølv om det fortsatt er nokre med høge verdiar. WHO sitt mål for SiC-indeks er på 3 eller mindre.


Gjennomsnitt DMFT på den tredjedel av gruppa med mest karies	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
SiC- indeks for 12-åringar i Møre og Romsdal	3,3	3,2	3,2	3,0	2,7	2,9	2,9
SiC- indeks for 12-åringar landsgjennomsnitt	3,0	2,9	2,9	2,7	2,6	2,6	2,6

*DMFT-tala gir ein verdi på kor mykje karies (tannråte) pasienten har (Decayed), kor mange tenner som er tapt (Missing) og, kor mange tenner som er fylt (Filled).




Tannhelsesdata frå Møre og Romsdal samanlikna med landsgjennomsnitt


PROSENTDEL 5-,12- OG 18-ÅRINGAR UTAN KARIESERFARING 2004-2017




Prosentdel 5-åringar utan karieserfaring



Prosentdel 12-åringar utan karieserfaring



Prosentdel 18-åringar utan karieserfaring



FOLKEHELSEARBEID, - FØREBYGGING OG SAMHANDLING.

Fylkeskommunen har ansvar for den offentlege tannhelsetenesta, og skal organisere førebyggjande tiltak for heile befolkninga og gi eit regelmessig og oppsøkkande tilbod til prioriterte grupper.

Fylkeskommunen skal vere ein pådrivar og understøtte folkehelsearbeidet i kommunane, jf. Lov om folkehelsearbeid, kap.4. Tannhelsetenesta kan mellom anna bidra med å gjere tilgjengelig opplysningar om tannhelsetilstanden. Fylkeskommunen skal vere særleg merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem eller sosiale forskjellar.

For å utjamne sosial ulikskap i helse og tannhelse, er det også viktig at tannhelsetenesta har eit tverrfagleg samarbeid med kommunale tenester for at flest mogleg blir i stand til å ta vare på si orale helse.

Det er etablert og utvikla samarbeidsrutinar med klare ansvarsforhold mellom tannhelsetenesta og fleire kommunale tenester. Ei samarbeidsavtale mellom flyktingtenesta/asylmottak og tannhelsetenesta, sikrar eit gjensidig samarbeid til beste for brukarane. Innvandrarak er ei samansett gruppe, og det er sosial ulikheit mellom innvandrarak på same måte som hos etniske norske borgarak. Kunnskap om tannhelse i ulike innvandrargrupper kan vere mangelfull, der grupper av barn kan ha ein større risiko for å dårleg tannhelse. Det er tilrådd å ha høg merksemd mot barn og unge med innvandrarakgrunn og med tett oppfølging av dei med større behandlingsbehov:

Folkhelsekontaktane har i samarbeid med overtannlegen i sin kompetanseregion, ansvaret for folkehelsearbeidet. Folkhelsekontaktane har møte med tannpleiarane to gonger per år for planlegging og koordinere folkehelsearbeidet. Tannpleiarane gjer ein stor innsats i dette arbeidet, og ved klinikkar utan tannpleiarbemanning gjer også enkelte tannhelsesekretærer og tannlegar ein innsats i dette feltet. Lite tannpleiarressursar i enkelte kompetanseregionar er ei utfordring i folkehelsearbeidet.

- Ved mange klinikkar vart samarbeidsmøter med helsestasjonstenesta utsett i vente på Nasjonale føringar for tannhelsetenesta med retningslinjer for samarbeidet. Samarbeidet har likevel fungert godt med henvisningar frå helsestasjonstenesta for barn under 3 år og deltaking av tannhelsepersonell under gruppesamtaler/undervisning til flykningar og asylsøkarar. Helsesøster deler ut gratis tannbørste frå tannhelsetenesta på 6-månaderskontroll då tannhelse blir tatt opp som eige tema
- Informasjonsarbeid og undervisning blir gitt til foreldre med barn i samarbeid med flyktingtenesta og asylmottak. Ved første besøk på tannklinikken får barn frå asylmottak og flyktingtenesta utdelt ei mappe med tannhelseartiklar, samtidig som det blir gitt informasjon og veiledning i tann og munnstell.
- Årlege samarbeidsmøte med kommunal pleie- og omsorgsteneste og teneste for psykisk utviklingshemma. Det blir gitt regelmessig undervisning til pleierpersonell ved institusjonar og i heimesjuepleia. Omsorgspersonell for personar med utviklingshemming og brukaren får individuell veiledning på klinikken. I nokre kommunar får brukaren og omsorgspersonalet hjelp og opplæring i sin bustad.
- Samarbeidsmøte med barneverntenesta har blitt utsett ved dei fleste klinikkane i vente på samarbeidsavtale, føringar og rutinar for samarbeid mellom tenesteområda. Denne prosessen vart ferdigstilt i 2017 og samarbeidet blir formalisert våren 2018.

- Årleg undervisning om oral helse retta mot Helse og oppvekstfag (Vg1), helsefagarbeider, helse-servicefag, barne og ungdomsarbeidarfag (Vg2), apotekteknikar og helsesekretær (Vg3). På grunn av kapasitetsproblem var det nokre få skular som ikkje fekk tilbodet i 2017.
- Årleg undervisning til 8.-klassingar på Søre Sunnmøre, eit samarbeid mellom tannhelsetenesta, lærarar, elever og foreldre. Undervisning retta mot 4 klasse i Midsund og Rauma kommune og
- Undervisning i tannhelsefag for sjukepleiarutdanninga ved Høgskolen i Molde, med video-overføring til sjukepleiarstudentar i Kristiansund.
- Arbeidsgruppa for kantinesatsinga med representantar frå kulturavd. God Helse, idrettskretsen, fylkesmannen og utdanningsavdelinga og fylkestannlegen arrangerer årleg fagkurs for kantinepersonell i vidaregåande skolar. Ei samling berre for kantineleiarane blir halde i tillegg.
- TkMN-prosjekt retta mot pleiarar som arbeider i heimesjukepleien. Vestnes kommune er del i prosjektet knytt til spørjeundersøking og undervisning med avslutning av prosjektet i 2017.
- Ålesund kompetanseregion deltok med stand om tannhelsetema under Leikivalen.
- Deltaking med foredrag og undervisning ved etterspørsel til foreningar og pensjonistlag.

Tannhelsetenesta har lagt ned 1127 timar i det førebyggjande arbeidet utanfor klinikken i 2017, mot 1259,8 timar i 2016 og 1369,4 timar i 2015. Dette er ikkje ein ønskeleg trend sett i eit førebyggjande perspektiv.

KLAGESAKER TIL FYLKESTANNLEGEN OG BEKYMRINGSMELDING TIL BARNEVERNET

Heller ikkje i 2017 var det klagesaker til fylkestannlegen som gjekk vidare til Helsetilsynet.

Registrering av påminningsbrev for gjentekne gonger ikkje møtt, og bekymringsmeldingar til barnevernet. Nytt for 2017 er også registrering av førespurnader FRÅ barneveret til tannhelsetenesta.

Tal påminningbrev om gjentekne gonger ikkje møtt, og at det blir vurdert å sende bekymringsmelding til barnevernet dersom pasienten ikkje møter, (jf.pasientrettighetslova § 3-4 og § 3-2)		Tal bekymringsmeldingar sendt barnevernet.(jf.helsepersonelllova §33)	Tal førespurnader frå barnevernet til tannhelsetenesta
2011	56	22	
2012	18	6	
2013	53	7	
2014	38	16	
2015	41	13	
2016	36	17	
2017	109	24	40

ORGANISASJON

Kompetanseregionar

Frå 1.1.2016 har vi fire kompetanseregionar i fylket (Kristiansund, Molde, Ålesund og Søre Sunnmøre), og planen er å etablere ein kompetansetung sentralklinikk i kvar region. Kompetanselinikkane skal sikre regionen stabilitet og akuttberedskap også i periodar med vakansar på dei mindre klinikkane. Styrka satsing på kompetansebygging er avgjerande for å sikre gode fagmiljø og utviklande arbeidsplassar. Målet er eit godt fagleg og stabilt tannhelsetilbod til innbyggjarane i alle delar av fylket.


Kompetanselinikken i Molde kompetanseregion er etablert. Funksjonsprogram for kompetanselinikk i Kristiansund kompetanseregion er utarbeidd, med tanke på realisering i 2022/2023. Bygging av kompetanselinikk i Kremmergården i Ålesund starta i august 2017 og er planlagt opna i mars 2019. Funksjonsprogram for kompetanselinikk i Kristiansund kompetanseregion er utarbeidd, med tanke på realisering i 2022/2023.

Frå 1.1.2016 er tannhelsetenesta organisert i 4 kompetanseregionar.




Bemanning og rekruttering

Ved utgangen av 2017 hadde tannhelsetenesta 200 tilsette i til saman 178 årsverk. I tillegg er 5,6 årsverk knytt til administrative funksjonar ved fylkestannlegens kontor. Diagrammet på neste side viser alders-/kjønnssamansetning og nyrekruttering i 2017. Kvinneandelen tilsette i tannhelsetenesta er 89%. Gjennomsnittsalderen er 45,1 år (48 i heile fylkeskommunen).




Vi har hatt over 40 tilsettingar i 2017, og opplever relativ stor turnover og mobilitet i stillingane. Nyutdanna tannhelsepersonell ønskjer primært eit fagleg og sosialt arbeidsfellesskap, og det er svært utfordrande å rekruttere til stabilitet i ein tenestestruktur med mange små klinikkar. Som diagrammet nedanfor viser, har 25% av tannlegane 2 år eller kortare fartstid i organisasjonen.



Tannhelsetenesta er ein attraktiv arbeidsplass for kvinner. Vi har tilsett mange nye kvinnelege tannlegar også i 2017 og er glade for at tannhelsetenesta sikrar tilflytting av unge kvinnelege akademikarar. Som kjent har fylket ein stor ubalanse i talet på kvinner og menn i aldersgruppa 20-40 år.

Tannhelse - Alder, kjønn og rekruttering pr. november 2017 Nytilsett er tilsett mellom januar 2016 og novmeber 2017



Kompetanseutvikling

Den offentlege tannhelsetenesta gir eit tenestetilbod som krev høg og spesialisert kompetanse, og det er svært viktig at tilhøva leggjast til rette for at alle tilsette kan vedlikehalde og vidareutvikle sin kompetanse i takt med den faglege utviklinga innanfor tannhelsefaget. Tannhelsetenesta sin strategiske kompetanseplan og distrikta sine lokale kompetanseplanar er oppdatert i 2017.

Fylkeskommunen skal sørge for nødvendig dekning av tannlegespesialistar i fylket og har etablert stipendordningar og deltidsstillingar for tannlegar under spesialistutdanning. Hausten 2017 har vi 3 spesia-

listkandidatar under utdanning med bindingstid i Møre og Romsdal fylkeskommune. Dette gjeld spesialistkandidat i kjeveortopedi og kjeve- og ansiktsradiologi, samt ein kandidat i pedodonti (barnetannlege). I løpet av kort tid vil den einaste kjeveortopeden på Nordmøre gå av med pensjon og fylkeskommunen har inngått ei intensjonsavtale om overtaking av spesialistpraksisen i Kristiansund.

Ein av våre tannpleiarar, som også er klinikkleiar, har i 2017 fullført samlingsbasert vidareutdanning (60 studiepoeng) i tannpleie og helsefremmande arbeid ved høgskolen i Sørøst-Norge. To av klinikkleiarane våre har gjennomført fylkeskommunen sitt leiarutviklingsprogram som gir 7,5 studiepoeng i høgskole-systemet.

I 2017 har seks medarbeidarar i tannhelsetenesta deltatt i etter- og vidareutdanningskurs arrangert av NTNU og TkMN i korleis ein planlegg forskings- eller kvalitetsforbetningsprosjekt i tannhelsetenesta.

I august 2017 starta fylkeskommunen med eit nytt kull på 20 deltakarar på tannhelsesekretærutdanning ved Borgund videregående skole. Kurset er samlingsbasert, og deltakarane blir autoriserte tannhelsesekretærer ved avslutning i desember 2018.


Dei siste år er det etablert eit fagleg nettverk med TOO fagleiar, psykolog, rådgivande faggruppe og paraplyteam for pasientar som har vore utsett for tortur, overgrep eller har odontofobi. Arbeidet skjer i samråd og samarbeid med TkMN og Helsedirektoratet.

To-dagars etatssamling, med fagleg påfyll, erfaringsutveksling og sosialt samver, vart gjennomført på Scandic Seilet i Molde i mai 2017. Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik delte ut 25- og 40-årsgåver for lang og tru teneste. I tillegg fikk to medarbeidarar merksemd for 50 års teneste (!) i den offentlege tannhelsetenesta. Det faglege programmet omfatta innslag om nasjonal fagleg retningslinje for tannhelsetenester for barn og unge mellom 0-20 år, føredrag om ulike dentale utviklingsforstyrningar, presentasjon om TAKO-senteret og eit føredrag om protetik og eldretannpleie.

Arbeidsmiljø

Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet (SAMU-T) dekkjer funksjonsområdet for arbeidsmiljøutval etter arbeidsmiljølova og ordningar for medråderett etter hovudavtalen. Utvalet har i 2017 hatt 4 møte og behandla 27 saker. Utvalet har tre arbeidstakarrepresentantar (hovudtillitsvalde og sektorverneombod) og 3 arbeidsgivarrepresentantar (fylkestannlegen og to overtannlegar). Det er utarbeid eigen [HMS-årsrapport for 2017](#).

Sjukefråveret ligg på 10,1% for heile 2017. Det er store skilnader i sjukefråveret mellom kompetanseregionane. Det er i all hovudsak større langtidsfråver over 40 dagar som bidrar til auken i sjukefråveret vi har hatt dei siste åra.



SAMU-T er involvert i arbeidet med å kartlegge årsakene til auken og treffe effektive tiltak. I 2017 har vi med basis i ein systematisk, kvalitativ og kvantitativ tilnærming jobba prosjektretta med å identifisere utfordringar og tiltak for å få arbeidstakarar tilbake i arbeid der det er realistisk. Konklusjonar og område for vidare arbeid er:

- Profesjonalisering av klinikkleiarrolla gjennom eige leiarutviklingsprogram tilpassa tannhelsetenesta sin organisasjon.
- Auka leiarstøtte.
- Aktivt arbeid med KOMPASS på klinikkane og i regionsamlingar.
- Haldningsskapande arbeid for å ivareta og legge til rette for at gravide kan stå lenger i arbeid.
- Målretta bruk av allereie innvilga OU-midlar til arbeid med sjukefråversarbeid, helsefremmande arbeidsplassar og ivaretaking av eigen helse.
- Søknad til NAV om støtte til gruppetiltak.

Leiarutvikling

I 2017 starta vi med dialogmøter i dei fire kompetanseregionene. Styringsdialogmøta er to årlege kontaktmøte (februar/mars og oktober/november) mellom fylkestannlegen, overtannlegen og klinikkleiarane i regionen. Møta handlar grunnleggjande om korleis vi skal forvalte samfunnsoppdraget vårt på ein god måte.

